

STYRESAK

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Helse Bergen HF

DATO: 15.03.2018
FRÅ: Administrerende direktør Eivind Hansen
SAKSHANDSAMAR: Lasse Hatletvedt
SAKA GJELD: **Styringsdokument 2018**

STYRESAK: **34/18 0**

STYREMØTE: **22.03.2018**

FORSLAG TIL VEDTAK

Styret tar styringsdokumentet til orientering.

Bakgrunn

Helse Bergen HF har mottatt styringsdokumentet for 2018 frå Helse Vest RHF.

Styringsdokumentet skal gi Helse Bergen HF ein mest mogleg heilskapleg og samla styringsbodskap for 2018. Styringsdokumentet skal klargjere dei premissane og rammene som gjeld for verksemda, og inneheld mål og dei resultatkrava som blir stilte til helseføretaka.

Styringsdokumentet er ikkje utfyllande for dei samla krava til Helse Bergen HF, men er eit dokument som utfyller og konkretiserer kva føretaket skal legge vekt på og prioritere.

Det er eit mål at tilsette skal kjenne til og ha eigarskap til bestillinga i styringsdokumentet. Heile styringsdokumentet blir gjort kjent i føretaket, og ansvar for oppfølging av dei ulike punkta i styringsdokumentet er lagt til avdelingane.

Alle tiltakspunkta som gjeld kvar einskild avdeling blir lagt inn i avdelingsvise styringsdokument. Dei kliniske avdelingane og stabsavdelingane rapporterer på framdrift og resultat årleg for alle tiltaka gjennom Årleg melding. For nokre tiltak blir det også rapportert halvårleg til Helse Vest RHF.